



## MØTEINNKALLING

---

**Organ:** SOGN REGIONRÅD

**Møtestad:** Høyanger rådhus, kommunestyresalen

**Møtedato:** 11.12.2020

**Tid:** 10:00 - 13:00

---

Eventuelt forfall skal meldast til dagleg leiar. Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

### Dagsorden

- 1000 Petter Sortland ønskjer velkomen til Høyanger  
Oppmøte  
Godkjenning av innkalling og sakliste  
Godkjenning av protokoll frå møtet 30.10.2020  
Handsaming av saker
- 1200 Enkel servering
- 1230 IT-forum Vest – samarbeid om breiband  
Ivar Petter Grøtte, sekretariatsleiar (Teams)
- 1300 Vel heim!

## SAKLISTE

---

Saksnr.	Arkivsaksnr. / Tittel
17/20	<b>20/1632-14</b> Regionalplan for Sogn 2021-2024
18/20	<b>20/1633-9</b> Samferdsleplan for Sogn regionråd - handlingsplan
19/20	<b>20/10364-1</b> Handlingsplan 2021 System for styrka læring
20/20	<b>20/9281-1</b> Handlingsplan 2020-2021 Sogn for alle - integrering og inkludering
21/20	<b>20/10384-2</b> Budsjett 2020 Sogn regionråd
22/20	<b>20/8423-4</b> Budsjett 2021 Sogn regionråd
23/20	<b>20/9282-4</b> Møteplan for 2021 - endring
24/20	<b>20/1894-11</b> Orienteringssaker

Sogndal, 4. desember 2020

Ivar Kvalen  
leiarKarina Nerland  
dagleg leiar

---

Saksh.: **Karina Nerland**  
Arkivsak: **20/1632**

---

Arkiv: **130**

**Saknr.: Utval**  
**17/20 Sogn regionråd**

**Møtedato**  
**11.12.2020**

**Sak** 17/20

### **Regionalplan for Sogn 2021-2024**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek å senda framlegg til regionalplan for Sogn 2021-2024 på høyring.

#### **Vedlegg:**

Regionalplan for Sogn 2021-2024 – høyringsframlegg

#### **Saksutgreiing:**

Regionalplanen er eit styringsdokument i regionrådet sitt arbeid med å utvikla regionen. Planen har fokus på det regionale perspektivet og felles satsingsområde som kommunane vil samarbeide om og løysa i lag i perioden 2021-2024.

Framdriftsplan vart vedteken i rådet i februar 2020. Ekstern prosessleiar har bidrege i arbeidet. Vi har brukt kunnskap frå den regionale analysen til planarbeidet. Innspel til planen er innhenta i samband med evaluering av gjeldande plan september 2019, og på felles formannskapsmøte der samarbeidspartar deltok og kommunevise nettmøte. Planen vart drøfta på rådsmøte i oktober.

Rådet handsamar høyringsframlegg til strategidel i dette møte. Høyringsfristen bør vera 1. februar 2021 for å rekke handsaming i rådet sitt februar møte. Handlingsplanen 2021 vil bli handsama i same møte.

#### **Vurdering:**

Formålet med planen er å utvikla eit godt styringsdokument for utvikling av Sogn og få til ei prioritering av dei viktigaste samarbeidsoppgåvene i vår region dei neste fire åra.

Regionalplanen bør vera spissa og ikkje ha for mange satsingsområde for å sikra gjennomføring. Prioriterte område er dei som bidreg til å nå føremålet til rådet og område som vi har virkemiddel på og kan påverke. Dette inneber at ikkje «alt» kan vera med. I arbeidet har vi lagt opp til drøfting og innspelsrunder for å sikre god forankring og medvirkning om mål og strategival. Framlegget går til høyring til kommunane for politisk handsaming og til eksterne aktørar.

## Sogn regionråd

---

Saksh.: **Karina Nerland**  
Arkivsak: **20/1633**

---

Arkiv: **130 N00**

**Saksnr.:** Utval  
**18/20** Sogn regionråd

**Møtedato**  
**11.12.2020**

**Sak** 18/20

**Samferdsleplan for Sogn regionråd - handlingsplan**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek handlingsplanen 2021 slik han ligg føre.

Sogn regionråd set av kr 200 000 av fondsmidlar diverse prosjekt til strategisk arbeid.

**Vedlegg:**

Handlingsplan 2021 - framlegg

**Saksutgreiing:**

**Bakgrunn:**

Sogn regionråd vedtok samferdsleplanen i møtet 28.2.2020. Handlingsplanen blir rullert årleg. Det er utarbeidd oversikt over dei strekningsvise prioriteringane som grunnlag for innspel til regional transportplan 2022-2033.

**Vurdering:**

Samferdsleplanen 2020-2023 får fram kva samferdsleløyseringar som er prioriterte i regionen, og legg grunnlag for rådet sitt arbeid i samband med regional transportplan og nasjonal transportplan.

Handlingsplan for 2021 som ligg ved har med prioriterte tiltak:

Fylkesvegnettet, kollektivtransport, flyrutetilbodet, Vikafjellstunnelen, aust-vestsambandet, Bogstunnelen, ferjesambandet Hella-Dragsvik-Vangsnes og breiband.

Det vil bli utarbeidd oversikt over kommunane sine strekningsvise prioriteringar for vegutbetringar som grunnlag for innspel til RTP.

Arbeidet med å betra samferdsleløyseringane i og ut av regionen er eit langsiktig og krevjande arbeid. God infrastruktur er viktig for å styrka regionen som felles bu-, arbeidsmarknad- og serviceregion, og for å lukkast med næringsutvikling. Felles prioriteringar vil styrka moglegheitene til å få realisert samferdsleprosjekta i regionen.

Regionen må halda fram med å vera aktive overfor stat og fylkeskommune og slik styrke regionen sine samferdsleinteresser. Å byggja alliansar og samarbeida med naboregionar og næringslivet gjer det også meir sannsynleg at samferdsleprosjekt i vår region vinn fram i dei nasjonale og regionale prioriteringane.

Administrasjonen tilrår at det vert sett av midlar til auka ressursar til det strategiske arbeidet. Midlane vil bli brukt til å jobbe enno meir målretta for å løfte samferdssatsingane og for å sikre gjennomslag for våre prioriteringar. Det er aktuelt å henta inn kompetanse og ressursar frå fleire hald. Arbeidet med regionalplanen har siste tida synleggjort eit ønske om meir ressursar til rådet sitt arbeid for å påverke avgjerdstakar. NTP-arbeidet er inne i viktig fase før avgjerd til våren og RTP-arbeidet er i startfasen. Tilrådinga er derfor å setja av noko fondsmidlar slik at vi sikrar oss meir ressursar til dette viktige arbeidet.

## Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**  
 Arkivsak: **20/10364**

Arkiv: **130**

**Saksnr.: Utval**  
**19/20 Sogn regionråd**

**Møtedato**  
**11.12.2020**

**Sak** 19/20

### **Handlingsplan 2021 System for styrka læring**

#### **Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek handlingsplan 2021 for System for styrka læring slik han ligg føre.

#### **Vedlegg:**

Handlingsplan 2021 for System for styrka læring

#### **Saksutgreiing:**

#### **Bakgrunn:**

System for styrka læring er kommunane i Sogn regionråd sitt program for barnehage- og skuleutvikling. Den overordna programplan gjeld for 2013-2021. Det overordna målet med programmet og sjølve handlingsplanen er auka læringsutbytte for alle gjennom styrka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning.

Våre seks strategiområde:

1. Systemisk læring/ lærande organisasjon: Samhandling og samarbeid slik at barnehagar og skular utviklar seg som lærande organisasjonar. Systemisk jobbing i fagnettverk for barnehage og skule sikrar progresjon og kontinuitet. Nettverksamlingar har vore tilpassa koronasituasjonen med digitale presentasjonar og med tilsette samla einingsvis for gruppediskusjonar og refleksjonsøker.
2. Motivasjon og meistring: Målet er å skape meir variert og motiverande undervisning tilpassa eleven.
3. Psykisk helse: Mål å styrke det psykososiale læringsmiljøet. Gjennom regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge og KLAPP (eit samarbeid med høgskulen) får tilsette i barnehage og skule kompetanseheving.
4. Entreprenørskap: Styrke elevane sine personlege eigenskapar, kreative evner og trua på moglegheitene i Sogn. Gje dei kjennskap til regionen dei høyrer til, skape lokal identitet som gjer til at dei ser moglegheiter for eiga framtid i eige lokalmiljø.
5. Vurdering for læring: Vidareutvikling av vurderingskultur og vurderingspraksis.
6. Tidleg innsats: Finne fram til og avdekke behov så tidleg som mogleg, og sette inn tiltak. Sjå samheng mellom psykisk helse og tverrfaglege og tverretatlege tiltak og tilbod.

Programstyret for System for styrka læring handsama handlingsplanen i møte 9.11.2020. Programstyret rapporterer til Sogn regionråd og planen blir derfor lagt fram for rådet.

#### **Vurdering:**

Handlingsplanen er hovudreiskapen i utviklingsarbeidet. Planen seier kva vi skal arbeide med, i kva omfang og til kva tid. Planen set opp mål og delmål for det regionale utviklingsarbeidet. Fagfornyninga er eit gjennomgåande tema for desse strategiområda.

Handlingsplanen er ikkje «pålegg» der etatane må gjennomføre alt. Barnehagar og skular må planleggje inn tiltak og aktivitetar i tråd med analyse og behov i eigen organisasjon, og må sjåast i samsvar med eigne utviklingsplanar, samt kommunane sine eigne planar og behov.

Etablering av «pedagogisk utviklingsteam» i kvar kommune vil vera eit viktig tiltak. Då får kvar kommune sitt eige «programstyre» for å diskutere og koordinere behov og tiltak i eigen kommune. I dei kommunane som har slike team har kommunalsjef/ eigar jamlege møte med styrarane, rektorane og tillitsvalde.

Kommunane vert oppmoda om å sikra politisk og administrativ forankring av handlingsplanen.

## Sogn regionråd

---

Saksh.: **Karina Nerland**  
Arkivsak: **20/9281**

---

Arkiv: **130**

**Saksnr.:** Utval  
**20/20** Sogn regionråd

**Møtedato**  
**11.12.2020**

**Sak** 20/20

**Handlingsplan 2020-2021 Sogn for alle - integrering og inkludering**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek handlingsplan 2020-2021 for Sogn for alle slik han ligg føre.

**Vedlegg:**

Handlingsplan 2020-2021 Sogn for alle

**Saksutgreiing:****Bakgrunn:**

Sogn for alle er kommunane i Sogn regionråd sitt prosjekt for heilskapleg integrering av innvandrarak. Det overordna målet med prosjektet er å sikre verdiskaping og meir vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrarak.

Innvandrarak representerer ein viktig ressurs for næringsliv og gode lokalsamfunn. Gjennom prosjektet ønskjer vi å bli betre på å nytta moglegheitene som innvandringa bringer med seg. Ei vellukka integrering vil kreve innsats og samhandling frå offentleg og privat næringsliv og frivillig sektor.

Prosjektet starta opp mai 2020 og går over fire år. I tillegg til å etablere prosjektet og identifisere behov og ressursar har prosjektet fem arbeidspakkar: Arbeid, språk og samfunn, utdanning, fritid og familie og bustad. Dei to arbeidspakkane språk og samfunn og utdanning har styringsgruppa slått saman inntil vidare.

**Vurdering:**

Handlingsplanen er eit viktig verktøy i utviklingsarbeidet. Planen seier kva vi skal arbeide med, i kva omfang og til kva tid.

Etablering av prosjektstruktur som er den første arbeidspakka er langt på veg slutført. Det er oppretta ei arbeidsgruppe for kvar av arbeidspakkene og dei kommunale kontaktpersonane tek ansvar for dei ulike arbeidspakkane saman med prosjektleiar og ein frå styringsgruppa. Prosjektleiar jobbar tett med kontaktpersonane frå kommunane.

Fleire aktivitetar i handlingsplanen er starta opp og vil bli starta opp i 2021 mellom anna:

- Mentorprogrammet - For å styrke arbeidsinkluderinga viser forskning at mentoring er eit godt tiltak. Vi har starta eit samlingsbasert mentorprogram for tilsette som tek i mot og gjev opplæring og støtte til personar som er nye i det norske arbeidslivet.
- Nettverk for bedrifter som ønskjer å ta ansvar for utviklinga av det mangfaldige arbeidslivet og mangfaldsrekruttering.



- Den nye integreringslova legg opp til lovpålagt foreldrerettleiing i introduksjonsprogrammet. Vi ønskjer å utvikle eit regionalt nettverk for rettleiarar for å auke kompetanse på feltet og utveksle erfaringar.
- Ei rekke personar med utanlandsk opphav manglar dokumenterte norskkunnskapar for å få godkjent si utanlandske utdanning. Vi ønskjer å tilby eit norskkurs på B2-nivå (Bergenstesten).
- Etableraropplæring for minoritetsspråklege - Vi vil utvikle ei grunnleggjande opplæring basert på erfaringar mellom anna frå Møre og Romsdal. Opplæringa skal gjere deltakarane betre i stand til å etablere eigen verksemd.
- Kick-off konferanse for å få merksemd om prosjektet og spreie kunnskap om kva som virker inkluderande og integrerande og mobilisere lokale krefter til Sogn for alle.
- Årdal har etablert eit tilflyttarkontor, eit svært interessante tiltak for å betre mottak av folk som kjem flyttande til regionen. Sogn for alle vil dra lærdom av erfaringa i Årdal og utvikle kommunane sitt system og evne til å ta i mot tilflyttarar slik at dei vert verande i regionen.
- Lokale frukostmøte der bedriftene kan byggje lokal kompetanse og lokale nettverk for å auke inkluderinga, nyttiggjere seg på ein god måte av mangfaldet og hindre diskriminering.

Kommunane vert oppmoda om å sikra politisk og administrativ forankring av handlingsplanen og arbeida for at regionale tiltak gir lokal utvikling.

## Sogn regionråd

---

Saksh.: **Karina Nerland**  
Arkivsak: **20/10384**

---

Arkiv: **150**

<b>Saksnr.:</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
<b>21/20</b>	<b>Sogn regionråd</b>	<b>11.12.2020</b>
<b>Sak</b>	<b>21/20</b>	
	<b>Budsjett 2020 Sogn regionråd</b>	

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek endra budsjett for 2020 slik det ligg føre.

**Vedlegg:**

Framlegg til endra budsjett for 2020

**Saksutgreiing:****Bakgrunn:**

Sogn regionråd vedtok budsjettet i rådsmøte 6.12.2019. Det er endringar i ekstern finansiering som gjer at det er behov for å revidera budsjettet.

**Vurdering:**

Endra budsjett for 2020 vert lagt fram grunna endringar i ekstern finansiering. Fylkeskommunen har ikkje løyvd regionale utviklingsmidlar i 2020. Fram til regionreforma utløyste samarbeidsavtalen årleg kr 500 000 i regionale utviklingsmidlar frå fylkeskommunen. I budsjettsaka i desember i fjor var desse midlane fordelt på prosjekt og utviklingsarbeid i regionrådet. For å unngå auke i kontigenten, tilrår administrasjonen auka bruk av fondsmidlar i det reviderte budsjettet. Denne endringa gjer det mogleg å halde oppe aktivitetsnivået knytta til utviklingsarbeid også i tida framover. Det er vidare lagt inn endring i kostnader for kommunenett fordi fleire kommunar har sagt opp avtalen, noko som reduserer totalkostnaden.

Ramma for 2020 er kr 9 434 000 der ekstern finansiering utgjer kr 2 838 000, bruk av fondsmidlar kr 1 830 000 og kontingent kr 3 818 000. I tillegg kjem kostnader til GIS-løysing kr 592 000 og kommunenett kr 356 000.

## Vedlegg

### Revidert budsjett 2020

Divspes	Konto	Budsjett 2020	Endra budsjett 2020
15900 Sekretær	10100 Fast månedsløn - Fellesordninga	909 000	909 000
15900 Sekretær	10509 Anna lønn og trekkpliktig godtgj.	0	0
15900 Sekretær	10900 Pensjonspremie KLP	0	0
15900 Sekretær	10908 Kollektive ulykkes- og gruppelivsforsikring.	0	0
15900 Sekretær	10990 Arbeidsgivaravgift	0	0
15900 Sekretær	11002 Abonnement aviser og tidsskrifter	2 000	2 000
15900 Sekretær	11003 Faglitteratur og kartverk (ikkje bibliotek)	2 000	2 000
15900 Sekretær	11151 Servering møter, kurs, tilsette (ikkje mva-kompensasjon)	0	0
15900 Sekretær	11200 Forbruksmateriale, (varer og tenester som ikkje kan plasserast på andre konto)	0	0
15900 Sekretær	11206 Utgiftsdekning eksterne og egne tilsette	0	0
15900 Sekretær	11209 Vertskommunesamarbeid sitt kjøp av tenester frå SK	280 000	280 000
15900 Sekretær	11305 Telefon og datakommunikasjon	3 000	3 000
15900 Sekretær	11401 Andre annonser	4 000	4 000
15900 Sekretær	11402 Utgivelse/formidling av informasjon	0	0
15900 Sekretær	11405 Gåver ved representasjon	10 000	10 000
15900 Sekretær	11500 Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	10 000	10 000
15900 Sekretær	11600 Køyregodtgjersle oppg.pl.	0	0
15900 Sekretær	11601 Diett og overnatting oppg.pl.	0	0
15900 Sekretær	11705 Reiseutgifter, parkering og bompengar tilsette	12 000	12 000
15900 Sekretær	11950 Lisensar på dataprogram/innkjøp av og oppgradering dataprogram	0	0
15900 Sekretær	12001 Kontor-, data- og kommunikasjonsutstyr	4 000	4 000
15900 Sekretær	14290 Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15900 Sekretær	17290 Inntektsføring momskomp drift	0	0
15900 Sekretær	17500 Refusjon frå andre kommunar	-1 236 000	-1 236 000
		0	0
15901 Drift råd	11151 Servering møter, kurs, tilsette (ikkje mva-kompensasjon)	50 000	50 000
15901 Drift råd	11405 Gåver ved representasjon	20 000	20 000
15901 Drift råd	11500 Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	0	0
15901 Drift råd	11705 Reiseutgifter, parkering og bompengar tilsette	20 000	20 000
15901 Drift råd	11950 Lisensar på dataprogram/innkjøp av og oppgradering dataprogram	0	0
15901 Drift råd	14290 Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15901 Drift råd	17290 Inntektsføring momskomp drift	0	0
15901 Drift råd	17500 Refusjon frå andre kommunar	-90 000	-90 000
		0	0
15902 Rådmann	11151 Servering møter, kurs, tilsette (ikkje mva-kompensasjon)	10 000	10 000
15902 Rådmann	10100 Fast månedsløn - Fellesordninga		
15902 Rådmann	17500 Refusjon frå andre kommunar	-10 000	-10 000
		0	0
15903 Kommunenett	11305 Telefon og datakommunikasjon	950 000	370 000
15903 Kommunenett	17500 Refusjon frå andre kommunar	-926 000	-356 000
15903 Kommunenett	17750 Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-24 000	-14 000
		0	0
15904 IKT-	11955 Kontingentar	18 000	18 000
15904 IKT-	17500 Refusjon frå andre kommunar	-18 000	-18 000
		0	0
15905 GIS - koordinator	11151 Servering møter, kurs, tilsette (ikkje mva-kompensasjon)	5 000	5 000
15905 GIS - koordinator	11209 Vertskommunesamarbeid sitt kjøp av tenester frå SK	0	0
15905 GIS - koordinator	11305 Telefon og datakommunikasjon	7 000	7 000
15905 GIS - koordinator	11500 Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	30 000	30 000
15905 GIS - koordinator	11950 Lisensar på dataprogram/innkjøp av og oppgradering dataprogram	0	0
15905 GIS - koordinator	11955 Kontingentar	0	0

15905	GIS - koordinator	14500	Overføring til andre kommunar	872 000	872 000
15905	GIS - koordinator	17500	Refusjon frå andre kommunar	-844 000	-844 000
15905	GIS - koordinator	17750	Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-22 000	-22 000
15905	GIS - koordinator	19500	Bruk av bundne driftsfond	-48 000	-48 000
				0	0
15906	GIS - løysing	11305	Telefon og datakommunikasjon	739 000	739 000
15906	GIS - løysing	11950	Lisensar på dataprogram/innkjøp av og oppgradering dataprogram	0	0
15906	GIS - løysing	11951	Andre lisensar og avgifter	0	0
15906	GIS - løysing	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15906	GIS - løysing	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15906	GIS - løysing	17500	Refusjon frå andre kommunar	-592 000	-592 000
15906	GIS - løysing	17750	Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-147 000	-147 000
				0	0
15907	Psykolog folkehelse	10100	Fast månadsløn - Fellesordninga	862 000	862 000
15907	Psykolog folkehelse	11705	Reiseutgifter, parkering og bompengar tilsette	50 000	50 000
15907	Psykolog folkehelse	18900	Overføring frå andre (private)	-455 000	-455 000
15907	Psykolog folkehelse	19500	Bruk av bundne driftsfond	-457 000	-457 000
				0	0
15908	RUP	11402	Utgivelse/formidling av informasjon	0	0
15908	RUP	11405	Gåver ved representasjon	0	0
15908	RUP	12700	Konsulenttenester (ikkje. oppl.pliktig)	0	0
15908	RUP	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15908	RUP	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15908	RUP	17500	Refusjon frå andre kommunar	-25 000	-254 000
15908	RUP	18300	Overføring frå fylkeskommunen	-95 000	0
15908	RUP	19500	Bruk av bundne driftsfond	-110 000	0
15908	RUP	15500	Avsetjing til bundne fond	230 000	254 000
				0	0
15909	Reiseliv	14700	Overføring til andre (private)	250 000	250 000
15910	Reiseliv	17500	Refusjon frå andre kommunar		-150 000
15909	Reiseliv	18300	Overføring frå fylkeskommunen	-150 000	0
15909	Reiseliv	19500	Bruk av bundne driftsfond	-100 000	-100 000
				0	0
15910	Rekruttering	10509	Anna lønn og trekkpliktig godtgj.	0	0
15910	Rekruttering	10990	Arbeidsgivaravgift	0	0
15910	Rekruttering	11206	Utgiftsdekning eksterne og egne tilsette	0	0
15910	Rekruttering	11300	Post og frankeringsutgifter	0	0
15910	Rekruttering	11402	Utgivelse/formidling av informasjon	0	0
15910	Rekruttering	11500	Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	0	0
15910	Rekruttering	11600	Køyre godtgjersle oppg.pl.	0	0
15910	Rekruttering	11601	Diett og overnatting oppg.pl.	0	0
15910	Rekruttering	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15910	Rekruttering	14700	Overføring til andre (private)	100 000	100 000
15910	Rekruttering	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15910	Rekruttering	17500	Refusjon frå andre kommunar		-80 000
15910	Rekruttering	18300	Overføring frå fylkeskommunen	-80 000	0
15910	Rekruttering	19500	Bruk av bundne driftsfond	-20 000	-20 000
				0	0
15911	Ungdom	11500	Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	20 000	20 000
15911	Ungdom	19500	Bruk av bundne driftsfond	-20 000	-20 000
				0	0
15912	Skule adm	10100	Fast månadsløn - Fellesordninga	866 000	866 000
15912	Skule adm	10509	Anna lønn og trekkpliktig godtgj.	0	0
15912	Skule adm	10900	Pensjonspremie KLP	0	0
15912	Skule adm	10908	Kollektive ulykkes- og gruppelivsforsikring.	0	0
15912	Skule adm	10990	Arbeidsgivaravgift	0	0
15912	Skule adm	11003	Faglitteratur og kartverk (ikkje bibliotek)	2 000	2 000
15912	Skule adm	11206	Utgiftsdekning eksterne og egne tilsette	0	0
15912	Skule adm	11209	Vertskommunesamarbeid sitt kjøp av tenester frå SK	105 000	105 000
15912	Skule adm	11305	Telefon og datakommunikasjon	3 000	3 000
15912	Skule adm	11405	Gåver ved representasjon	10 000	10 000
15912	Skule adm	11500	Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	15 000	15 000

15912	Skule adm	11600	Køyregodtgjersle oppg.pl.	0	0
15912	Skule adm	11705	Reiseutgifter, parkering og bompengar tilsette	30 000	30 000
15912	Skule adm	11950	Lisensar på dataprogram/innkjøp av og oppgradering dataprogram	0	0
15912	Skule adm	12001	Kontor-, data- og kommunikasjonsutstyr	5 000	5 000
15912	Skule adm	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15913	Skule adm	15500	Avsetjing til bundne fond		
15912	Skule adm	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15912	Skule adm	17500	Refusjon frå andre kommunar	-970 000	-636 000
15912	Skule adm	19500	Bruk av bundne driftsfond	-66 000	-400 000
				0	0
15913	Skule kompetanse	11500	Kurs og konferanser (ikkje opp.plikt)	0	0
15913	Skule kompetanse	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15913	Skule kompetanse	14500	Overføring til andre kommunar	0	645 000
15913	Skule kompetanse	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15913	Skule kompetanse	17500	Refusjon frå andre kommunar	0	0
15913	Skule kompetanse	18109	Andre statstilskot	0	-645 000
				0	0
15914	Skule entrepenørskap	11500	Kurs og konferanser (ikkje opp.plikt)	140 000	0
15914	Skule entrepenørskap	11706	Reiseutgifter brukarar og eksterne	100 000	0
15914	Skule entrepenørskap	15500	Avsetjing til bundne fond	0	185 000
15914	Skule entrepenørskap	17500	Refusjon frå andre kommunar	-25 000	-100 000
15914	Skule entrepenørskap	18300	Overføring frå fylkeskommunen	-75 000	0
15914	Skule entrepenørskap	18500	Overføring frå kommunar	-25 000	-30 000
15914	Skule entrepenørskap	18900	Overføring frå andre (private)	-40 000	-55 000
15914	Skule entrepenørskap	19500	Bruk av bundne driftsfond	-75 000	0
				0	0
15915	Skule fagnettverk	11500	Kurs og konferanser (ikkje opp.plikt)	500 000	150 000
15915	Skule fagnettverk	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15915	Skule fagnettverk	14500	Overføring til andre kommunar	390 000	390 000
15916	Skule fagnettverk	15500	Avsetjing til bundne fond		
15915	Skule fagnettverk	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15915	Skule fagnettverk	17300	Refusjon frå fylkeskommunar	0	0
15915	Skule fagnettverk	17500	Refusjon frå andre kommunar	-300 000	-100 000
15915	Skule fagnettverk	17700	Refusjon frå andre (private)	0	0
15915	Skule fagnettverk	18109	Andre statstilskot	-500 000	0
15915	Skule fagnettverk	19500	Bruk av bundne driftsfond	-90 000	-440 000
				0	0
15916	Barnehage	11151	Servering møter, kurs, tilsette (ikkje mva-kompensasjon)	0	0
15916	Barnehage	11500	Kurs og konferanser (ikkje opp.plikt)	305 000	100 000
15916	Barnehage	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15916	Barnehage	14500	Overføring til andre kommunar	0	350 000
15916	Barnehage	14700	Overføring til andre (private)	15 000	15 000
15916	Barnehage	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15916	Barnehage	18109	Andre statstilskot	-320 000	-370 000
15917	Barnehage	19500	Bruk av bundne driftsfond		-95 000
				0	0
15919	Psykisk helse	10300	Ekstrahjelp og engasjement	50 000	50 000
15919	Psykisk helse	19500	Bruk av bundne driftsfond	-50 000	-50 000
				0	0
15921	Helse	11400	Stillingsannonsar	0	
15921	Helse	11402	Utgivelse/formidling av informasjon	0	0
15921	Helse	12700	Konsulenttenester (ikkje. oppl.pliktig)	0	50 000
15921	Helse	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15921	Helse	14300	Overføring til fylkeskommunen		150 000
15921	Helse	15500	Avsetjing til bundne fond		250 000
15921	Helse	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15922	Helse	18109	Andre statstilskot		-450 000
15923	Helse	19500	Bruk av bundne driftsfond		
				0	0
15930	Vaksenopplæring	11500	Kurs og konferanser (ikkje opp.plikt)	0	50 000
15930	Vaksenopplæring	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0

Sak 21/20

15931	Vaksenopplæring	11500 Avsetjing til bundne fond		100 000
15930	Vaksenopplæring	17290 Inntektsføring momskomp drift	0	0
15930	Vaksenopplæring	18109 Andre statstilskot		-150 000
			0	0
15940	Sogn for alle	10100 Fast månedsløn - Fellesordninga	830 000	830 000
15940	Sogn for alle	10509 Anna lønn og trekkpliktig godtgj.	0	0
15940	Sogn for alle	10900 Pensjonspremie KLP	0	0
15940	Sogn for alle	10908 Kollektive ulykkes- og gruppelivsforsikring.	0	0
15940	Sogn for alle	10990 Arbeidsgivaravgift	0	0
15940	Sogn for alle	11151 Servering møter, kurs, tilsette (ikkje mva-kompensasjon)	0	0
15940	Sogn for alle	11300 Telefon og datakommunikasjon	5 000	5 000
15940	Sogn for alle	11500 Kurs og konferanser (ikkje opp.plikt)	55 000	55 000
15940	Sogn for alle	11600 Køyregodtgjersle oppg.pl.	0	0
15940	Sogn for alle	11705 Reiseutgifter, parkering og bompengar tilsette	50 000	50 000
15940	Sogn for alle	12100 Kjøp, leige og leasing av transportmidlar	0	0
15940	Sogn for alle	11209 Vertskommunesamarbeid sitt kjøp av tenester frå SK	60 000	60 000
15940	Sogn for alle	14290 Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15940	Sogn for alle	17290 Inntektsføring momskomp drift	0	0
15940	Sogn for alle	17500 Overføring frå andre kommunar	-300 000	-300 000
15940	Sogn for alle	18300 Overføring frå fylkeskommunen	-500 000	-500 000
15940	Sogn for alle	19500 Bruk av bundne driftsfond	-200 000	-200 000
			0	0

## Sogn regionråd

---

Saksh.: **Karina Nerland**  
Arkivsak: **20/8423**

---

Arkiv: **150**

**Saksnr.: Utval**  
**22/20 Sogn regionråd**

**Møtedato**  
**11.12.2020**

**Sak** 22/20

**Budsjett 2021 Sogn regionråd****Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek budsjettet for 2021 slik det ligg føre.

**Vedlegg:**

Framlegg til budsjett 2021 for Sogn regionråd

**Saksutgreiing:**

Budsjettramma for 2021 vart handsama i regionrådet 16.9.2020 av omsyn til budsjettprosessen i kommunane.

Totalt budsjett for Sogn regionråd er kr 9 854 000 Det er budsjettert med eksterne inntekter kr 3 270 000, kontingent kr 3 910 000 og fondsmidlar (hovudsakleg eksterne midlar) kr 1 710 000.

Kontigenten dekker utgifter til sekretariatet, rådet, rådmannsgruppa, IKT, GIS-koordinator, programleiar for barnehage og skule, fagnettverka og regionleiarfunksjon for barnehage og skule og delar av prosjektleiar for Sogn for alle. Kontigentaugen er knytta til deflator (2,7 prosent) for stillingane. Rådmannsgruppa ønskjer 20% administrativ ressurs. I sak om budsjettramma i september la administrasjonen til grunn at kostnadsauken kan løysast innanfor kontigenten for 2021 på kr 3 910 000.

Kommunane går gjennom dei interkommunale samarbeidsavtalene gjeldande frå 2021, og forventa administrative kostnader og husleige for sekretariatsfunksjonen og dei to andre stillingane (prosjektleiar og programleiar) er lagt inn i budsjettet.

I tillegg til kontigenten kjem kostnader for drift av GIS-løysing kr 608 000 og kommunenett kr 356 000. I og med at fleirtalet av kommunane har sagt opp avtalen er det ikkje utarbeidd kostnadsfordeling for kommunenett.

Eksterne midlar er tilskot til kompetanseutvikling i barnehage og skule og fylkeskommunale utviklingsmidlar. Vestland fylkeskommune vil vurdere nye partnerskapsavtaler med regionråda for 2021 og eit årleg tilskot er teke inn i budsjettet. Fylkeskommunen har løyvd tilskot med kr 500 000 årleg i tre år for prosjektet Sogn for alle. Dette i tillegg til kr 400 000 som vi fekk til det første prosjektåret.

Sogn regionråd sin fordelingsnøkkel er 40 prosent fast og 60 prosent etter folketal, jf møte 8.11.2019. I andre interkommunale samarbeid mellom kommunane er det brukt fordelingsnøkkel 5 prosent pr samarbeidskommune som fast og resten etter folketal. Fordelinga 35 prosent fast og 65 prosent etter folketal er lagt inn i framlegg til kostnadsfordeling.

## Vedlegg

### Budsjett 2021

Div.spes	Konto	Budsjett 2020	Budsjett 2021
15900 Sekretær	10100 Fast månedsløn - Fellesordninga	909 000	934 000
15900 Sekretær	10509 Anna lønn og trekkpliktig godtgj.	0	0
15900 Sekretær	10900 Pensjonspremie KLP	0	0
15900 Sekretær	10908 Kollektive ulykkes- og gruppelivsforsikring.	0	0
15900 Sekretær	10990 Arbeidsgivaravgift	0	0
15900 Sekretær	11002 Abonnement aviser og tidsskrifter	2 000	2 000
15900 Sekretær	11003 Faglitteratur og kartverk (ikkje bibliotek)	2 000	2 000
15900 Sekretær	11151 Servering møter, kurs, tilsette (ikkje mva-kompensasjon)	0	0
15900 Sekretær	11200 Forbruksmateriale, (varer og tenester som ikkje kan plasserast på andre konto)	0	0
15900 Sekretær	11206 Utgiftsdekning eksterne og egne tilsette	0	0
15900 Sekretær	11209 Vertskommunesamarbeid sitt kjøp av tenester frå SK	280 000	85 000
15900 Sekretær	11305 Telefon og datakommunikasjon	3 000	3 000
15900 Sekretær	11401 Andre annonser	4 000	4 000
15900 Sekretær	11402 Utgivelse/formidling av informasjon	0	0
15900 Sekretær	11405 Gåver ved representasjon	10 000	10 000
15900 Sekretær	11500 Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	10 000	10 000
15900 Sekretær	11600 Køyregodtgjersle oppg.pl.	0	0
15900 Sekretær	11601 Diett og overnatting oppg.pl.	0	0
15900 Sekretær	11705 Reiseutgifter, parkering og bompengar tilsette	12 000	12 000
15900 Sekretær	11950 Lisensar på dataprogram/innkjøp av og oppgradering dataprogram	0	0
15900 Sekretær	12001 Kontor-, data- og kommunikasjonsutstyr	4 000	4 000
15900 Sekretær	14290 Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15900 Sekretær	17290 Inntektsføring momskomp drift	0	0
15900 Sekretær	17500 Refusjon frå andre kommunar	-1 236 000	-1 066 000
		0	0
15901 Drift råd	11151 Servering møter, kurs, tilsette (ikkje mva-kompensasjon)	50 000	50 000
15901 Drift råd	11405 Gåver ved representasjon	20 000	20 000
15901 Drift råd	11500 Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	0	0
15901 Drift råd	11705 Reiseutgifter, parkering og bompengar tilsette	20 000	20 000
15901 Drift råd	11950 Lisensar på dataprogram/innkjøp av og oppgradering dataprogram	0	0
15901 Drift råd	14290 Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15901 Drift råd	17290 Inntektsføring momskomp drift	0	0
15901 Drift råd	17500 Refusjon frå andre kommunar	-90 000	-90 000
		0	0
15902 Rådmann	11151 Servering møter, kurs, tilsette (ikkje mva-kompensasjon)	10 000	10 000
15902 Rådmann	10100 Fast månedsløn - Fellesordninga		200000
15902 Rådmann	17500 Refusjon frå andre kommunar	-10 000	-210 000
			0
		0	0
15903 Kommunenett	11305 Telefon og datakommunikasjon	370 000	370 000
15903 Kommunenett	17500 Refusjon frå andre kommunar	-356 000	-356 000
15903 Kommunenett	17750 Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-14 000	-14 000
		0	0
15904 IKT-	11955 Kontingentar	18 000	18 000
15904 IKT-	17500 Refusjon frå andre kommunar	-18 000	-18 000
		0	0
15905 GIS - koordinator	11151 Servering møter, kurs, tilsette (ikkje mva-kompensasjon)	5 000	5 000
15905 GIS - koordinator	11209 Vertskommunesamarbeid sitt kjøp av tenester frå SK	0	0
15905 GIS - koordinator	11305 Telefon og datakommunikasjon	7 000	7 000
15905 GIS - koordinator	11500 Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	30 000	30 000
15905 GIS - koordinator	11950 Lisensar på dataprogram/innkjøp av og oppgradering dataprogram	0	0
15905 GIS - koordinator	11955 Kontingentar	0	0



15905	GIS - koordinator	14500	Overføring til andre kommunar	872 000	895 000
15905	GIS - koordinator	17500	Refusjon frå andre kommunar	-844 000	-867 000
15905	GIS - koordinator	17750	Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-22 000	-22 000
15905	GIS - koordinator	19500	Bruk av bundne driftsfond	-48 000	-48 000
				0	0
15906	GIS - løysing	11305	Telefon og datakommunikasjon	739 000	759 000
15906	GIS - løysing	11950	Lisensar på dataprogram/innkjøp av og oppgradering dataprogram	0	0
15906	GIS - løysing	11951	Andre lisensar og avgifter	0	0
15906	GIS - løysing	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15906	GIS - løysing	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15906	GIS - løysing	17500	Refusjon frå andre kommunar	-592 000	-608 000
15906	GIS - løysing	17750	Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-147 000	-151 000
				0	0
15907	Psykolog folkehelse	10100	Fast månadsløn - Fellesordninga	862 000	885 000
15907	Psykolog folkehelse	11705	Reiseutgifter, parkering og bompengar tilsette	50 000	50 000
15907	Psykolog folkehelse	18900	Overføring frå andre (private)	-455 000	-468 000
15907	Psykolog folkehelse	19500	Bruk av bundne driftsfond	-457 000	-467 000
				0	0
15908	RUP	11402	Utgivelse/formidling av informasjon	0	0
15908	RUP	11405	Gåver ved representasjon	0	0
15908	RUP	12700	Konsulenttenester (ikkje. oppl.pliktig)	0	200 000
15908	RUP	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15908	RUP	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15908	RUP	17500	Refusjon frå andre kommunar	-254 000	-385 000
15908	RUP	18300	Overføring frå fylkeskommunen	0	-500 000
15908	RUP	19500	Bruk av bundne driftsfond	0	0
15908	RUP	15500	Avsetjing til bundne fond	254 000	685 000
				0	0
15909	Reiseliv	14700	Overføring til andre (private)	250 000	250 000
15910	Reiseliv	17500	Refusjon frå andre kommunar	-150 000	-150 000
15909	Reiseliv	18300	Overføring frå fylkeskommunen	0	0
15909	Reiseliv	19500	Bruk av bundne driftsfond	-100 000	-100 000
				0	0
15910	Rekruttering	10509	Anna lønn og trekkpliktig godtgj.	0	0
15910	Rekruttering	10990	Arbeidsgivaravgift	0	0
15910	Rekruttering	11206	Utgiftsdekning eksterne og egne tilsette	0	0
15910	Rekruttering	11300	Post og frankeringsutgifter	0	0
15910	Rekruttering	11402	Utgivelse/formidling av informasjon	0	0
15910	Rekruttering	11500	Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	0	0
15910	Rekruttering	11600	Køyre godtgjersle oppg.pl.	0	0
15910	Rekruttering	11601	Diett og overnatting oppg.pl.	0	0
15910	Rekruttering	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15910	Rekruttering	14700	Overføring til andre (private)	100 000	100 000
15910	Rekruttering	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15910	Rekruttering	17500	Refusjon frå andre kommunar	-80 000	-80 000
15910	Rekruttering	18300	Overføring frå fylkeskommunen	0	0
15910	Rekruttering	19500	Bruk av bundne driftsfond	-20 000	-20 000
				0	0
15911	Ungdom	11500	Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	20 000	20 000
15911	Ungdom	19500	Bruk av bundne driftsfond	-20 000	-20 000
				0	0
15912	Skule adm	10100	Fast månadsløn - Fellesordninga	866 000	889 000
15912	Skule adm	10509	Anna lønn og trekkpliktig godtgj.	0	0
15912	Skule adm	10900	Pensjonspremie KLP	0	0
15912	Skule adm	10908	Kollektive ulykkes- og gruppelivsforsikring.	0	0
15912	Skule adm	10990	Arbeidsgivaravgift	0	0
15912	Skule adm	11003	Faglitteratur og kartverk (ikkje bibliotek)	2 000	2 000
15912	Skule adm	11206	Utgiftsdekning eksterne og egne tilsette	0	0
15912	Skule adm	11209	Vertskommunesamarbeid sitt kjøp av tenester frå SK	105 000	90 000
15912	Skule adm	11305	Telefon og datakommunikasjon	3 000	3 000
15912	Skule adm	11405	Gåver ved representasjon	10 000	10 000
15912	Skule adm	11500	Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	15 000	15 000

15912	Skule adm	11600	Køyregodtgjersle oppg.pl.	0	0
15912	Skule adm	11705	Reiseutgifter, parkering og bompengar tilsette	30 000	30 000
15912	Skule adm	11950	Lisensar på dataprogram/innkjøp av og oppgradering dataprogram	0	0
15912	Skule adm	12001	Kontor-, data- og kommunikasjonsutstyr	5 000	5 000
15912	Skule adm	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15913	Skule adm	15500	Avsetjing til bundne fond	0	0
15912	Skule adm	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15912	Skule adm	17500	Refusjon frå andre kommunar	-636 000	-644 000
15912	Skule adm	19500	Bruk av bundne driftsfond	-400 000	-400 000
				0	0
15913	Skule kompetanse	11500	Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	0	
15913	Skule kompetanse	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	
15913	Skule kompetanse	14500	Overføring til andre kommunar	645 000	645 000
15913	Skule kompetanse	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15913	Skule kompetanse	17500	Refusjon frå andre kommunar	0	0
15913	Skule kompetanse	18109	Andre statstilskot	-645 000	-645 000
				0	
15914	Skule entrepenørskap	11500	Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	0	70 000
15914	Skule entrepenørskap	11706	Reiseutgifter brukarar og eksterne	0	0
15914	Skule entrepenørskap	15500	Avsetjing til bundne fond	185 000	0
15914	Skule entrepenørskap	17500	Refusjon frå andre kommunar	-100 000	0
15914	Skule entrepenørskap	18300	Overføring frå fylkeskommunen	0	0
15914	Skule entrepenørskap	18500	Overføring frå kommunar	-30 000	0
15914	Skule entrepenørskap	18900	Overføring frå andre (private)	-55 000	0
15914	Skule entrepenørskap	19500	Bruk av bundne driftsfond	0	-70 000
				0	0
15915	Skule fagnettverk	11500	Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	150 000	150 000
15915	Skule fagnettverk	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15915	Skule fagnettverk	14500	Overføring til andre kommunar	390 000	390 000
15916	Skule fagnettverk	15500	Avsetjing til bundne fond	0	0
15915	Skule fagnettverk	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15915	Skule fagnettverk	17300	Refusjon frå fylkeskommunar	0	0
15915	Skule fagnettverk	17500	Refusjon frå andre kommunar	-100 000	-100 000
15915	Skule fagnettverk	17700	Refusjon frå andre (private)	0	0
15915	Skule fagnettverk	18109	Andre statstilskot	0	0
15915	Skule fagnettverk	19500	Bruk av bundne driftsfond	-440 000	-440 000
				0	0
15916	Barnehage	11151	Servering møter, kurs, tilsette (ikkje mva-kompensasjon)	0	0
15916	Barnehage	11500	Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	100 000	100 000
15916	Barnehage	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15916	Barnehage	14500	Overføring til andre kommunar	350 000	350 000
15916	Barnehage	14700	Overføring til andre (private)	15 000	15 000
15916	Barnehage	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15916	Barnehage	18109	Andre statstilskot	-370 000	-370 000
15917	Barnehage	19500	Bruk av bundne driftsfond	-95 000	-95 000
				0	0
15919	Psykisk helse	10300	Ekstrahjelp og engasjement	50 000	50 000
15919	Psykisk helse	19500	Bruk av bundne driftsfond	-50 000	-50 000
				0	0
15921	Helse	11400	Stillingsannonsar		
15921	Helse	11402	Utgivelse/formidling av informasjon	0	
15921	Helse	12700	Konsulenttenester (ikkje. oppl.pliktig)	50 000	100 000
15921	Helse	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15921	Helse	14300	Overføring til fylkeskommunen	150 000	150 000
15921	Helse	15500	Avsetjing til bundne fond	250 000	0
15921	Helse	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15922	Helse	18109	Andre statstilskot	-450 000	-450 000
15923	Helse	19500	Bruk av bundne driftsfond		200 000
				0	0
15930	Vaksenopplæring	11500	Kurs og konferansar (ikkje opp.plikt)	50 000	50 000
15930	Vaksenopplæring	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0

15931	Vaksenopplæring	11500	Avsetjing til bundne fond	100 000	100 000
15930	Vaksenopplæring	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15930	Vaksenopplæring	18109	Andre statstilskot	-150 000	-150 000
				0	0
15940	Sogn for alle	10100	Fast månedsløn - Fellesordninga	830 000	852 000
15940	Sogn for alle	10509	Anna lønn og trekkpliktig godtgj.	0	0
15940	Sogn for alle	10900	Pensjonspremie KLP	0	0
15940	Sogn for alle	10908	Kollektive ulykkes- og gruppelivsforsikring.	0	0
15940	Sogn for alle	10990	Arbeidsgivaravgift	0	0
15940	Sogn for alle	11151	Servering møter, kurs, tilsette (ikkje mva-kompensasjon)	0	0
15940	Sogn for alle	11300	Telefon og datakommunikasjon	5 000	5 000
15940	Sogn for alle	11500	Kurs og konferanser (ikkje opp.plikt)	55 000	55 000
15940	Sogn for alle	11600	Køyregodtgjersle oppg.pl.	0	0
15940	Sogn for alle	11705	Reiseutgifter, parkering og bompengar tilsette	50 000	28 000
15940	Sogn for alle	12100	Kjøp, leige og leasing av transportmidlar	0	0
15940	Sogn for alle	11209	Vertskommunesamarbeid sitt kjøp av tenester frå SK	0	0
15940	Sogn for alle	14290	Utgiftsføring momskomp drift	0	0
15940	Sogn for alle	17290	Inntektsføring momskomp drift	0	0
15940	Sogn for alle	17500	Overføring frå andre kommunar	-300 000	-300 000
15940	Sogn for alle	18300	Overføring frå fylkeskommunen	-500 000	-500 000
15940	Sogn for alle	19500	Bruk av bundne driftsfond	-200 000	-200 000
				0	0

### Kontingent for 2021

Kommune	Folketal 01.01.20	Fast del	Variabel del	Kontingent 2021	Kontingent 2020
Aurland	1781	195 500	137 761	333 261	340 926
Høyanger	4101	195 500	317 214	512 714	502 860
Luster	5174	195 500	400 211	595 711	579 686
Lærdal	2126	195 500	164 447	359 947	367 857
Sogndal	11847	195 500	916 369	1 111 869	1 039 391
Vik	2635	195 500	203 818	399 318	404 113
Årdal	5193	195 500	401 680	597 180	583 166
<b>Totalt</b>	<b>32857</b>	<b>1 368 500</b>	<b>2 541 500</b>	<b>3 910 000</b>	<b>3 818 000</b>

### Drift av GIS-løysing

Kommune	Folketal 01.01.20	Fast del	Variabel del	Sum 2021	Sum 2020
Aurland	1781	35 467	24 477	59 943	61 202
Luster	5174	35 467	71 107	106 574	103 476
Lærdal	2126	35 467	29 218	64 685	65 970
Sogndal	11847	35 467	162 816	198 283	184 871
Vik	2635	35 467	36 213	71 680	72 389
Årdal	5193	35 467	71 369	106 835	104 092
<b>Totalt</b>	<b>28756</b>	<b>212 800</b>	<b>395 200</b>	<b>608 000</b>	<b>592 000</b>

## Sogn regionråd

---

Saksh.: **Karina Nerland**  
Arkivsak: **20/9282**

---

Arkiv: **033 &85**

**Saknr.:** Utval  
**23/20** Sogn regionråd

**Møtedato**  
**11.12.2020**

**Sak** 23/20

**Møteplan for 2021 - endring**

**Tilråding:**

Møteplanen blir endra slik at møtet som er sett opp 26. februar blir flytta til 19. februar 2021.

**Saksutgreiing:**

Møtet som er sett opp 26. februar i møteplanen er i vinterferieveka (veke 8). Forslag om ny dato er fredag 19. februar 2021. Møtestad: Vik.

**Sogn regionråd**

---

Saksh.: **Karina Nerland**  
Arkivsak: **20/1894**

---

Arkiv: **062**

**Saksnr.: Utval**  
**24/20 Sogn regionråd**

**Møtedato**  
**11.12.2020**

**Sak** 24/20

**Orienteringssaker****Orienteringar og drøftingar**

1. Leiar
2. Samferdslegruppa
3. Programstyret System for styrka læring
4. Styringsgruppa Sogn for alle
5. Innspel frå medlemane
6. Rådmannsgruppa
7. Administrasjonen
8. IT-forum Vest

**Skriv og meldingar**

1. Programstyret System for styrka læring – møtereferat 9.11.2020
2. Styringsgruppa Sogn for alle – møtereferat 10.11.2020
3. Regionrådsstruktur – notat til fylkesutvalet av 11.11.2020
4. Samferdslegruppa – møtereferat 13.11.2020
5. Framtida til Tronvik Psykiatriske Behandlingsheim – til Helse Vest og Helse Førde

## Møteinnkalling programstyret for System for styrka læring

**Møtenummer:** 2/2020

**Møtedato:** Måndag 9. november 2020

**Tid:** Kl. 12:00 -13:30

**Stad:** Sogndal

**Deltakarar:** Ordførar: Roy Egil Stadheim, Rektor: Ingrid Steine Bortne, Utdanningsforbundet: Steinar Øydvin, Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane: Holger Aasen (sak 7), Sogn regionråd: dagleg leiar Karina Nerland og programleiar Inger Marie Evjestad.

Forfall: Rådmann: Jarle Skartun, Komunalsjef oppvekst: Ole Gunnar Krakhellen, Ass. styrar: Linda Midtun, PPT: Vibeke Fusche Moe, Stadped Vest: Stian Greger Eikeland, Høgskulen Vestlandet: Vegard Fusche Moe, KS: Sølvi Olrich Sørebo.

- Sak 6/20**      **Opning**  
Godkjenning av innkalling og saklista.  
Godkjenning av referat frå møte 13.mai 2020
- Sak 7/20**      **Entreprenørskap**  
Organisering og gjennomføring av entreprenørskapsmessa 2021 vart diskutert. Programstyret vil gjennomføra entreprenørskapsmessa for 2021 digitalt grunna covid-19-situasjonen. Luster vil få moglegheit til å arrangera messa i 2022. Det blir nedsett ei arbeidsgruppe med Inger Marie, Ingrid og UE ved Fredrik Jarstadmarken. Holger og Karina blir med på første møte.
- Sak 8/20**      **Vidare arbeid med «Plan for System for styrka læring**  
Programleiar innleia om arbeidet med ny plan frå 2022. Innspel frå leiarsamling i Flåm 20. og 21. oktober 2020 vart gjennomgått. Presentasjonen ligg ved. Mange fellestrekk frå leiarsamlinga, færre satsingsområde og jobba med fagnettverk på annan måte. Arbeidsgruppa jobbar vidare med å formulera mål og satsingsområde for nytt program.
- Sak 9/20**      **Handlingsplanen 2021**  
Forslag til handlingsplan var utsendt til møtet. I stor grad vidareføring av tidlegare aktivitetar. Programstyret slutta seg til handlingsplanen.
- Sak 10/20**     **Møteplan 2021**  
3. mars (digitalt møte), 5. mai og 10. november.
- Sak 11/20**     **Ymse**  
Arbeidet med regionalplanen for Sogn 2021-2024 er i gang.



## Referat styringsgruppa for Sogn for alle

**Møtenummer:** 3/2020

**Møtedato:** Tysdag 10. november 2020

**Tid:** Kl. 12:00 -12:45

**Stad:** Teams

### Deltakarar:

Ordførar: Hilmar Høl, Årdal kommune

Rådmann: Øistein Sjøvik, Vik kommune

Flyktingteneste: Turid Stigen Sørensen, fagleiar Aurland/Lærdal flyktingteneste i NAV

Næringsapparat: Torgeir Skålid, dagleg leiar Sogn Næring

Vidaregåande skule: Torill Thorbjørnsen, rektor Høyanger vidaregåande skule

NAV: Sara Johnsborg, leiar NAV region Sogn

Frivillig organisasjon: Bjørg Eikum Tang, Sogndal Røde Kors

Sogn regionråd: Karina Nerland, dagleg leiar og Heidi Myrvold, prosjektleiar

Forfall:

Næringsliv: May Britt Torsnes, Nyrstar

Vestland fylkeskommune: Jan Heggheim, fagdirektør, avdeling for innovasjon og næringsutvikling

### Sak 7/20

#### Opning

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Referat frå møte 30.09.20 – ingen spørsmål eller kommentarar.

### Sak 8/20

#### Arbeidspakkane

- Framlegg til plan for arbeidspakkane var utsendt til møtet.  
Orientering om strategiar og mandat for arbeidspakkene/delprosjekta. Det er gjort nokre små justeringar i handlingsplanen sidan sist møte. Styringsgruppa slutta seg til framlegget.
- Organisering av arbeidet i arbeidsgrupper:  
Dei to arbeidspakkene språk og samfunn og utdanning blir slått saman og ev. vurdert delt opp seinare.  
Framlegg til deltakarar i arbeidspakkene vart presentert i møtet og blir sendt ut etter møtet for innspel frå styringsgruppa/arbeidsgruppene innan ein gitt frist.  
Det er ønskeleg at dei fire arbeidsgruppene startar arbeidet og møtest i november/desember.

### Sak 12/20

#### Møteplan

Neste møte 9. februar 2021 kl. 12 (fysisk eller Teams)

---

Saksnr: 2020/76576-1  
Saksbehandlar: Paal Fosdal  
Dato: 11.11.2020

---

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Status regionrådsstruktur - Orientering til fylkesutvalet 26. november 2020

Endring i fylkes- og kommunestrukturen som følgje av region- og kommunereforma pr. 1.januar 2020 har gjort det naturleg å sjå på organisering og samansetting av regionråda i dei to tidlegare fylka.

Dette notatet er ei orientering frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet om korleis administrasjonen handterer ulike innspel og prosessen fram mot ein ny eller tilpassa regionrådsstruktur.

### Status

Etablering av regionråd er regulert i kommunelova kapittel 18 *Interkommunalt politisk råd*. Det er kommunane sjølve som avgjer deltaking, rammer og føringar for regionråda som dei opprettar.

I Vestland fylke går arbeidet med regionrådsstruktur langs fleire aksar. Nokre regionråd vil halde fram som før, mens for andre er det behov for justering eller nyetablering som følgje av justerte kommunegrenser eller andre tilhøve.

KS har teke ei rolle som tilretteleggjar for tilpassinga, med følgjande vedtak i fylkestyret 14.september d.å. som forankring:

*I samsvar med saksutgreiing datert 10.08.20 ber Fylkestyret i Vestland KS' administrasjon om å legge til rette for ein prosess der regionråda får høve til å drøfta rolle og samvirke i Vestland fylke. Fylkestyret i Vestland har følgjande innspel til KS-administrasjonen sitt arbeid:*

- *KS kan vere tilretteleggjar og fasilitator for at regionråda får ein vidare plattform for samvirke i Vestland. Kommunane er eigar av arbeidet.*
- *Det må utarbeidast eit mandat for KS si rolle og arbeid.*
- *Grensesnittet til Fylkeskommunen si rolle bør vere ein del av arbeidet. Partnerskapsavtalar med Fylkeskommunen er eit viktig grunnlag for arbeid i regionråda.*

I samsvar med kulepunkt tre, har KS og Vestland fylkeskommune (VLFK) starta eit samarbeid der VLFK bidreg med innspel til prosessen. Det er avdeling for strategisk utvikling og digitalisering som handterer dette på vegne av fylkesrådmannen gjennom ein framhaldande dialog med KS.

Det har også vore dialog mellom politisk leiing og representantar for regionråda, seinast i møte med fylkesordførar og fylkesrådmann 18.september d.å. Oppsummeringa derfrå (forfatta av regionrådsrepresentantane) er når det gjeld hovudoppgåver:

[...] m.a. på desse hovudoppgåvene for regionråda i eit nytt Vestland:

- *Plansamarbeid - regional planlegging*



- *Infrastruktur*
- *Vidaregåande opplæring, høgskule- og universitet, regional kompetansebehov*
- *Etablere tettare partnerskap med Høgskulen på Vestlandet omkring kjerneutdanningane innan*
  - *Opplæring, helse og sosial og tekniske fag.*
  - *Internasjonalisering*
  - *Regional beredskap - ras, brann, flom samt oppfølging av koronaviruset.*
  - *Regionale fagnettverk*
  - *Distriktsmelding for Vestland*

Og vidare når det gjeld rammer for arbeidet:

*[...] Vi ser på møtet vårt som svært fruktbart og eit godt grunnlag for vidare arbeid. Følgande punkt vart drøfta med fylkeskommunen:*

- *Regionråda ønsker å bidra aktivt med å sikre samfunnsutvikling på Vestlandet gjennom tett samarbeid med fylkeskommunen og andre regionale aktørar.*
- *Fylkeskommunen må ta ansvar for å koordinere dette gjennom dialogmøte, utviklingsavtalar og delfinansiering. Kommunane ønskjer ikkje ein felles uniformering av regionråda, kommunane bestemmer sjølve deltaking, formål, organisering og styring.*
- *Utfordringa er å skape ei felles politisk stemme på Vestlandet for å sikre utvikling, mangfald og oppretthalde dagens busetnad.*

Kulepunkt 2, første setning er ikkje svart ut då dette krev nærare utgreiing og vurdering når ein regionrådsstruktur er på plass (jamfør same kulepunkt , andre setning), men fylkesrådmannen er prinsipielt positiv til samarbeid gjennom regionråda og til regionråda som møteplass i eit stort fylke med 43 kommunar.

Tilbakemelding frå både administrasjon og politisk leiing har ved all kontakt om saka vore:

- Vestland fylkeskommune ser på samarbeidet med kommunane som særskild viktig. Kommunane har ein nøkkelfunksjon for at fylkeskommunen skal kunne løyse oppgåvene sine effektivt og best mogleg. Denne funksjonen er blitt viktigare etter samanslåinga, der det no er 43 kommunar ein skal samarbeide og ha dialog med.
- Kommunane organiserer seg sjølve og fylkeskommunen tilpassar seg dette. Det er kommunane som definerer regionråda si rolle og funksjon. Vi vil søkje eit aktivt samarbeid med kommunane og regionråda basert på dette.

Det må nemnast at Nordfjordrådet og samarbeidsutvalet i Sunnfjord i søknad motteken i e-post 28.oktober d.å. har søkt VLFK om kr. 200.000,- i støtte for å greie ut grunnlaget for å etablere eit samla regionråd i Sunnfjord og Nordfjord. Fylkesrådmannen meiner vi ikkje kan gi slik støtte, fordi:

- Forankringa av søknaden er uklar.
- Vi har ikkje ei støtteordning som dekkjer slike utgreiingar og som er kjent for alle med tilsvarende utfordring.
- Vi har ikkje midlar på budsjettet for 2020 som opnar for å imøtekomme denne søknaden og eventuelt andre tilsvarende søknader som måtte kome seinare frå andre.

### **Vidare arbeid**

Som orientering for fylkesutvalet vil fylkesrådmannen skissere eit slikt løp vidare:

- 1) VLFK forhold seg til og støtter aktivt opp under initiativet som KS har teke for å leggje til rette for etablering/justering av regionrådsstrukturen i Vestland fylke. Kommunane er eigar av arbeidet (jamfør vedtak i KS sitt fylkesstyre)
- 2) Når prosessen er kome så langt at vi har fått skissert eller avklart ei framtidig regionrådsstruktur, vil KS og VLFK invitere til ei samling for kommunane /regionråda for å diskutere regionråda si rolle som samarbeidsarena, herunder eventuell bruk av partnerskapsavtalar. Dette blir truleg på nyåret 2021, men er avhengig av framdrift i prosessen.

- 3) Fylkesrådmannen vil greie ut og vurdere ei ordning med driftsstøtte til regionråda og kome attende med dette som ei politisk sak i løpet av første halvår 2021. Ei slik ordning føreset at ei tenleg struktur er på plass og at vi har rammer for ei likebehandling av alle regionråda. Ordninga bør som utgangspunkt rettast inn som ei søkbar pott avsett i budsjettet for 2021, eventuelt frå 2022 avhengig av framdrift og økonomiske rammer.

Driftsstøtte til regionråda er pt ikkje innarbeidd i budsjett 2021.

**Fylkesrådmannen ber om eventuelle merknader frå fylkesutvalet til status og prosess vidare som skildra i dette notatet.**



## Møte i samferdslegruppa - referat

Møtenummer: 5/2020  
Møtetidspunkt/-stad: 13.11.2020 kl 09-10. Digitalt møte.  
Deltakarar: Ordførarane Arnstein Menes, Petter Sortland, Ivar Kvalen og Roy Egil Stadheim. Dagleg leiar Karina Nerland (referent).

### Handlingsplan

Gjeldande handlingsplan var utsendt til møtet. Gjennomgang og drøfting for vidare oppfølging: Sognebåten – jobbe for utvida sommarruter og avklare ev signaler om endringar grunna koronasituasjonen

Sogndal lufthamn: Interessant om Haukåsen kan bli testpilot for elfly

Ferjesambandet Hella-Dragsvik-Vangsnes: invitere Statens vegvesen til møte. Tema: tidlegare morgonavgang og hyppigare kveldsavganger.

Breiband- avklare kva aktivitetar som skjer i regi av IT-forum.

### NTP - status og vidare arbeid

Det politiske arbeidet held fram for dei tre prioriterte prosjekta Vikafjellstunnel, tunnel gjennom Hemsedalsfjellet og Bogstunnel-Gaular grense. Rådet inviterer samferdselsministeren til Sogndal.

Viktig fase for påverknad fram til februar 2021.

Forslag om å setja av eigne midlar til ein ressurs for å drive enno meir målretta arbeid for gjennomslag. Leiar vurderer dette ilag med dagleg leiar.

### Regional transportplan 2022-2033

Første innspelsfase er januar /februar 2021, planutkast på høyring i juni, 2. runde med innspelsmøte august/september og vedtak i fylkestinget desember 2021.

Kommunane sine prioriteringar av fylkesvegane må kartleggast slik at vi får ei god oversikt og grunnlag til innspela frå regionrådet.



## Høyanger kommune Ordføraren

Styreleiar og styremedlemmer i Helse Vest  
AD Helse Vest  
Styreleiar og styremedlemmer Helse Førde  
AD Helse Førde

### FRAMTIDA TIL TRONVIK PSYKIATRISKE BEHANDLINGSHEIM

Syner til brev Høyanger kommune v/ ordføraren, og uttale frå Sogn Regionråd frå februar 2020.

Syner vidare til møte på Tronvik 19. juni 2020 der m.a. styreleiar Agnes Landstad og AD Arve Varden i Helse Førde deltok.

I dette møtet kom det fram at Helse Førde flyttar 11 sengepostar knytt til DPS døgn frå Tronvik til nytt bygg i Førde ila 1. kvartal 2021. Tronvik vil etter flyttinga av DPS sitje igjen med 15 senger ved rusposten.

I møtet 19. juni vart det informert om at pasientane på rusposten kjem i hovudsak frå Helse Bergen og Helse Fonna sitt område. Helse Førde har god nok kapasitet på dette feltet i dag i sitt område, definert som «gamle» Sogn og Fjordane fylke. Det vart også informert om at Helse Vest etter ferien i 2020 skulle starte arbeidet med å gjennomgå regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) 2021-2025.

Kva er status og vidare framdrift i dette arbeidet?

Tronvik har dei siste åra spesialisert seg innanfor rusbehandling og rehabilitering. Institusjonen har opparbeida seg eit godt omdømme innan dette viktige fagfeltet.

Tronvik ligg i rolege og naturskjønne omgjevnader, med tenlege bygningar som Helse Førde likevel må halde ved like etter pålegg frå nasjonale verne-styresmakter. Dette gjer at det nærast må vere ein «vinn-vinn» situasjon for Helse Vest og Helse Førde å auke kapasiteten på rusbehandling på Tronvik.

Sogn Regionråd og Høyanger kommune forventar at Helse Vest og Helse Førde no intensiverer arbeidet med å styrkje og vidareutvikle Tronvik som behandlingsinstitusjon!

Med vennleg helsing  
Høyanger kommune

Petter Sortland  
ordførar